

FORHOLDSTAL

- 1 Kva betyr det at blandingsforholdet mellom saft og vatn er 1:5?

- 2 Liv blandar saft. Safta blandar ho i forholdet 1:4.

Ho brukar 1 dl saft.

Kor mykje ferdigblanda saft får Liv?



- 3 Geir har laga 1,8 liter ferdigblanda saft.

Blandingsforholdet er 1:5.

Kor mykje saft og kor mykje vatn er det i blandinga?



- 4 Anna blandar saft. Safta blandar ho i forholdet 1:6.

Ho tek 1 dl saft.

Kor mykje ferdigblanda saft får Anna?

- 5 Ole blandar saft. Safta blandar han i forholdet 1:4.

Han tek 2 dl saft.

Kor mykje ferdigblanda saft får Ole?

- 6 Torpekai blandar saft. Safta blandar han i forholdet 1:5.


Han tek 3 dl saft.

Kor mykje ferdigblanda saft får Torpekai?

- 7 I ei klasse er det 30 elevar.
12 av elevane er gutar, og resten er jenter.
Kva er forholdstalet mellom talet på gutar
og talet på jenter?



- 8 Figurane har lik form.
Kor lang er α ?



$\alpha =$ km